



Kvinnherad kommune

Fellestenester
Politisk sekretariat

Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org.nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no
www.kvinnherad.kommune.no

Landbruks- og Matdepartementet
Postboks 8001

0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
2005 1130	187
11 NOV 2005 ASK/JVR	
1AA	41

Saksbehandlar
Karin Thauland

Tlf.direkte innval
53483175

Vår ref.
2005/5150

Dykkar ref.

Dato
08.11.2005

Endringar i jordlova - Høyring

Kvinnherad formannskap hadde saka føre i møte 03.11.2005, sak 2005/103.

Vi legg ved utskrift av møteboka og syner til vedtaket.

Med helsing

Mette Guddal
utvalssekretær

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe *Saksbehandlar*
2005/5150 Karin Thauland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	03.11.2005

Endringar i jordlova - Høyring

Forslag til vedtak :

Formannskapet rår til at det ikkje vert føreteke endringar av jordlova som skissert i del I og II i høyringsbrev frå Landbruksdepartementet av 30.06.2005. Formannskapet vil stø opp om endringar i jordlova del III og IV i same høyring.

Saksutgreiing:

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut på høyring eit framlegg om endring av jordlova slik at det generelle delingsforbodet for landbrukseigedomar i jordlova § 12 vert oppheva samstundes som det vert fastsett reglar om å søke delingssamtykkje ved frådeling av dyrka jord. Delingsforbodet i jordlova har vore eit viktig verkemiddel i høve til eigedomsstrukturen i landbruket sidan det vart innført i jordlova av 1955. **Høyringsfrist er sett til 1.november.**

Endringane omfattar , i tillegg til dei vi nedanfor har vurdert som dei viktigaste, desse forslaga endring av:

- tilskotsordninga, jordlova § 18 , del III,
- oppheving av nokre uaktuelle lover, del IV

Dei viktigaste endringane i forslaget -del I og del II -er:

- oppheving av det generelle forbodet mot å dele landbrukseigedom
- ny regel om forbod mot frådeling av dyrka jord der det ikkje er gjeve omdisponeringsløyve eller der jorda ikkje skal nyttast som tilleggsareal til anna bruk
- frådeling av bygningar som ligg i eller nær tunet krev framleis delingsløyve
- kommunen kan innføra lokal forskrift om delingsforbod der det er ønskjeleg ut frå omsynet til driftsmessig gode løysingar eller omsynet til kulturlandskapet

I forslaget er endringane grunngjeve med ønsket om forenkling, og vidare at det skal leggjast til rette for ”å nytte eigedomsressursane slik at busetjing, næringsverksemd, innovasjon og livskvalitet i distrikta kan sikrast på ein betre måte enn i dag”.

I Noreg har talet gardsbruk i drift minka kraftig dei siste 10-15 åra, og denne utviklinga ser ut til å halda fram. Stadig fleire landbrukseigedomar vert vert fråflytta, og tomme hus og kulturlandskap i forfall vert stadig vanlegare. Samstundes syner spørjeundersøkingar at

mange menneske ønskjer ei livsstilsending, og ønskjer å flytta frå byer og tettstader til bygder og småbruk. Som eit ledd i Landbruksdepartementet sin politikk "Landbruk Pluss" har ein gjennom fleire tiltak freista å auka tilgjenge på landbrukseigedomar. I løpet av dei siste fire åra har mellom anna konsesjonsgrensa for landbrukseigedomar vorte heva to gonger, og eigedomar som er mindre enn 100 daa total areal eller har mindre fulldyrka mark enn 20 daa kan i dag ometjast utan konsesjon.

Vurdering:

Lovendringsforslaga som denne høyringa omfattar i del I og del II, røre ved fleire prinsipielle spørsmål. Med forslaget vil ein snu prinsippet i eigedomsstrukturen frå å vere sterkt regulert, til å oppheva delingsforbodet og på det viset gje frislepp på store deler av ressursane på ein landbrukseigedom. Dette kan tena landbruket og bygdene., men endringsforslaga kan og virka mot dei føremålae ein ønskjer å oppnå. . Særleg er vi usikre på kva verknadene kan verte ved å oppheva delingsforbodet i jordlova. Eit slikt verkemiddel burde først koma etter ein grundig gjennomgang av verknadene vi fekk ved å auke konsesjonsgrensee. Har dei auka «konsesjonsfrigrensene» på 20 dekar fulldyrka jord eller 100 daa totalareal gitt utslag i auka busetnad og sysselsetting på bygdene?

Å oppheva delingsforbodet vil føra til ulik praksis med omsyn til frådeling i dei ulike kommunane og i dei. Det vil vera uheldig og lite truverdig om frådelingspolitikken som vert ført varierar for mykje frå kommune til kommune.

Å kunna dela opp landbrukseigedomar og rettar knytt til desse som skissert i høyringa og artiklar om denne, vil kunna styrkja ressursgrunnlaget på bruk i drift. Men det kan òg føra til ei utarming av framtidige driftseiningar. Slike døme er det mange av frå tida før jordlova kom inn i 1955 og konsesjonslova frå 1975 kom inn og regulerte dette.

I Kvinnherad det eit tungt fokus på fjell og utmark og rettane som er knytte opp mot dette. Særleg er jakt- og fiskerettar attraktive. Desse rettane vil kunna omsetjast for høge summar. Ei slik utvikling vil kunne føre til ei dreining av at det er rettane vert delt i frå og kjøpt opp av andre som ikkje er knytt til næringa eller til distriktet.. Dette vil vera ein uheldig utvikling i tilhøve til den utøvinga av jakt og fiske som tradisjonelt har vore tilgjengeleg for alle. Frå tidlegare har ein røynsle med at store eigedomar i Trøndelag og på austlandet vart kjøpt opp av av skogselskap og andre med kapital. I våre områder vart det på 1900-talet delt i frå elverrettar og jakt- og fisekrettar i fjellet. Også i dag er det auka etterspurnad etter slike rettar. Dette medførte i mange høve ei utarming av livsgrunnlaget på desse bygdene om dei vert seld. At rettane ikkje høyrer til lokale eigarar, kan gjere forvaltninga vanskelegare.

I høyringa ligg det mange moglegheiter for at ein kan unngå kravet til bu- og driveplikt. Det har så langt me har registrert ikkje vorte gjeve signal om at desse pliktane skal firast på, men med moglegheiter for å kunne dela frå delar av landbrukseigedomen, vil det verta nesten umogleg å følgja opp særleg bupliktkravet som i dag er eit viktig virkemiddel for å oppretthalda busetjing i mange bygder.

Reint forvaltingsmessig meiner me at me i dag har eit lovverk som er oversiktleg. Det gjer det lett å nå og hjelpe publikum. I endringane som ligg inne i høyringa ligg det frå eit landbruksforvaltingsmessig synspunkt inne ein reell fare for at den oversikta vert mindre og at det etterkvart vil verta mykje vanskelegare for publikum å få oversikt over eit regelverk som skissert. Det er ikkje lett å få auga på eit forenklingspotensiale som er eit av hovudføremåla i høyringa.

Ved å leggja opp til rette for store tomter, eller "livsstilseigedomar", inne i LNF-område, ser me eit potensiale for auka konfliktnivå mellom landbruksutøvarar og folk som flyttar til og

kan vanskeleggjera drifta. Særleg gjeldt dette spreing av husdyrgjødsel, sprøyting av plantevernmidlar, bygging av vegar osv.

Jamvel om det i høyringsforslaget står at det skal takast omsyn til kulturlandskapsverdiar, trur me at dette vert vanskeleg å praktisera. Med ein politikk som høyringa legg til rette for, trur me at det mange stader nettopp vil vera kulturlandskapet og lokalt særpreg som vil verta skadelidande.

For delane III og IV i høyringa har vi ingen innvendingar.

Ut frå ei landbruksfagleg vurdering meiner administrasjonen at endringsforslaga ikkje vil vera betre virkemiddel for å nå dei skisserte måla om betre ressursforvaltning, nyskaping og næringsverksemd, tilflytting, innovasjon og livskvalitet. I dagens lovverk har ein allereie dei virkemidlane som trengst. Administrasjonen vil difor ikkje rå til at det vert gjort endringar med jordlova slik det går fram av høyringsbrevet av den 30.06.2005.

Uttale frå eldrerådet:

Økonomisk konsekvens:

Miljømessig konsekvens:

Vedlegg:

Høyringsbrev frå Landbruks- og matdepartementet.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m m: Jordlova av 5.12.1995.

Behandling i Formannskapet den 03.11.2005

FRAMSETT FORSLAG FRÅ:

Ingrid Skeie (H):

Kvinnherad kommune har ingen kommentar til dei føreslåtte endringane jordlova.

RØYSTING

- Innstillinga vedteken med 7 røyster, 4 røysta for Skeie sitt forslag.

Vedtak frå Formannskapet den 03.11.2005

Formannskapet rår til at det ikkje vert føreteke endringar av jordlova som skissert i del I og II i høyringsbrev frå Landbruksdepartementet av 30.06.2005. Formannskapet vil stø opp om endringar i jordlova del III og IV i same høyring.